

Innspel budsjett 2026 – frå anonym

Innspel: «Skule–Vekst–Omsorg» – pengar inn, utan skolenedlegging

Mål og prinsipp

Skulen skal stå: hovudpulsåra for lokalsamfunn og tilflytting.

Rettferd før auke: rydd i grunnlag og avtalar før ein krev meir.

Varige grep framfor kortsiktige kutt.

Open bok: kvartalsvis status til politikarar og innbyggjarar.

Topp-tiltak for pengar inn (utan å røre skulen)

Rett eigedomsskatten raskt

90-dagars opprydding: dataanalyse (outliers), kryss mot byggesak/matrikkel, målretta retaksering der feila er størst. Innfør/juster bunnfradrag. Fase inn endringar.

Søk skjønnsmidlar (ROBEK) for gjennomføring

Midlar knytt til konkrete milepælar: energi/effektivisering, digitalisering, retting av skattegrunnlag, interkommunale innkjøp. Brukast til overgangskostnader – ikkje drift.

Aktiv eigedomsstrategi

Portefølje i tre: selje (ikkje-kjerne), feste (tomter for årleg leige), behalde & leige ut (delvis tomme bygg). Reforhandle gamle leiger/grunnavtalar og indeksregulere ved fornying. Gevinst går til gjeldskutt og varige innsparingstiltak.

«Skulen vår står»-tomter

Hurtigregulere familievennlege tomter nær skule/barnehage. Kombiner sal og feste. Servicegaranti for barnefamiliar (barnehage/SFO innan frist) for å drive tilflytting.

Hent statlege midlar som ofte blir liggande

Maksimer refusjon for ressurskrevjande tenester, bruk Husbanken når omsorgsplassar må fornyast, vurder IMDi berre der netto pluss er sannsynleg og planlagt.

Skjerm skulen – praktiske grep

Optimaliser grupper/timeplanar og felles vikar-/kompetansepool i dagens skular (kapasitet og kvalitet, ikkje nedlegging).

Dokumenter at mottakande skule manglar kapasitet og vil krevje brakkeriggar og meir skyss dersom elevar flyttast.

Forsterk SFO/valfag og aktivitetar i nærmiljøet for å halde på og tiltrekke barnefamiliar.

Eldreomsorg

Bruk Husbanken ved nødvendige oppgraderingar for å dempe framtidige kapitalkostnader.

Løn og signaleffekt

Utgrei midlertidig lønnsmoderering på toppen eller frys av variable goder før ein rører basetenester. Frivillig ordning kan vurderast.

Konsekvens om kommunen ikkje gjer dette

Skolesamanslåing utan kapasitet utløyser busskostnader, brakkeriggar, mellombelse løysingar, vedlikehaldsetterslep og uro i drift – og pressar barnefamiliar ut.

Vedvarande skeiv eigedomsskatt gir fleire klager, lågare legitimitet og meir administrasjon.

Passiv eigedomsforvaltning = tapt inntekt og unødvendig gjelds- og vedlikehaldsbyrde.

Tvungen skuleflytting aukar psykisk belastning for barn (tapt tilhøyrse, brot i nettverk, meir reisetid) og kostnader i støtteapparat.

Bestilling til kommunedirektøren

Lever 90-dagars plan for eigedomsskatte-opprydding (inkl. bunnfradrag og fase-inn).

Send søknad om skjønnsmidlar knytt til konkrete milepælar.

Legg fram portefølje for sal/feste/utleige + plan for reforhandling av leiger.

Lag forslag til «Skulen vår står»-tomter med servicegaranti.

Plan for henting av statlege midlar (ressurskrevjande, Husbanken, ev. IMDi).

Notat om lønnsmoderering på toppen, kutt 5%.